

Vindafjord kommune, 09. juni 2020

## Samen for barna i sommar

No nærmar det seg sommar og ferietid, og vekene vi har framfor oss, vil bli annleis på mange måtar. Mange barn vil ha ekstra stort behov for å bli sett av trygge vaksne i nærmiljøet denne sommaren.



Vindafjord kommune er ein Av-og-til-kommune, og me har lenge jobba saman med Av-og-til for å førebyggje og redusere alkoholskadar og gjere kvardagen tryggare for alle.

Derfor ønskjer vi å komme med ei oppfordring til alle vaksne: Tenk over din eigen alkoholbruk saman med barn i sommar, og ver merksam på om det er barn i omgangskretsen din som kan ha behov for at nettopp du rekkjer ut ei hand.

Slik kan du gjere sommaren betre for barn som treng det:

- Bruk alkovett saman med barn. Vaksne endrar seg når dei drikk alkohol, og mange barn synest det er ubehageleg og utrygt.
- Dersom du er bekymra for at eit barn ikkje har det bra heime, er det viktig å vise at du bryr deg. Spør barnet korleis det går, og gi det tid og omsorg.
- Inviter barnet med på familieaktivitetar som grilling, strandtur eller spelkveld.
- Dersom du er usikker på kva du skal gjere, eller mistenkjer at situasjonen er akutt, kan du ringje Alarmtelefonen for barn og unge på 116 111. Der kan du få råd og hjelp frå fagpersonell.

Vi ønskjer dykk alle ein god og trygg sommar!

Vennleg helsing

**Carina Hornenes**  
Av-og-til-koordinator  
Vindafjord kommune

**Nils Erik Eide**  
Kommunalsjef Oppvekst  
Vindafjord kommune

**Randi Hagen Eriksrud**  
generalsekretær i Av-og-til